



SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet	22.06.2022	78/22
Kommunestyret	15.09.2022	63/22
Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne	20.09.2022	8/22
Ungdomsrådet	05.09.2022	1/22

Klimaplan for Vest-Telemark - 2. gongshandsaming og endeleg vedtak

Vedlegg

1 Klimaplan for Vest-Telemark

Dokument i saka

Sak i Vest-Telemarkrådet 15.10.2019 – vedtak om oppstart av arbeid med felles klimaplan i Vest-Telemark

Sak i Vest-Telemarktinget 19.04.2022 – vedtak om å tilrå kommunane å vedta klimaplan for Vest-Telemark slik den ligg føre.

Bakgrunn

Arbeidet med felles klimaplan tok til etter at Vest-Telemarkrådet vedtok 15.10.2019 å seta i gang arbeidet med felles klimaplan i Vest-Telemark. Det vart nedsett ei arbeidsgruppa og ei litt større referansegruppe med representant(ar) frå kvar kommune. Begge gruppene har hatt jamlege møte sidan oppstart, både digitale og fysiske. Vest-Telemarkrådet har munnleg blitt orientert om framdrift i planarbeidet på kvart rådsmøte.

Referansegruppa si samansettning:

Torunn Raftevold Rue, natur- og miljørådgjevar, seinare kommunalsjef, i Seljord kommune
Benedikte Nes, varaordførar (MDG) i Tokke kommune
Per Wraa, skog- og utmarksrådgjevar i Tokke kommune
Øyvind Myhren Tjøstheim, arealplanleggjar i Vinje kommune (slutta i Vinje 14. september 2020)
Thor Christiansen, landbruksrådgjevar i Vinje kommune
Anne-Sofie Bergene Strømme, plan- og miljørådgjevar i Vinje kommune
Marianne Vrålstad, miljørådgjevar i IATA- renovasjonsselskapet, Nissedal kommune sin representant.
Tarjei Gjelstad, fagleiar samfunnsutvikling og teknisk drift i Kviteseid kommune
Egil Jøsendal, formannskapsmedlem (MDG) i Kviteseid kommune
Elin Skålid, landbruksrådgjevar i Fyresdal kommune
Anne Aasmundtveit, regionrådsleiar i Vest-Telemarkrådet

Arbeidsgruppa si samansettning

Torunn Raftevold Rue, leiar av arbeidsgruppa og referansegruppa
Silje Hegg
Audun Aasmundtveit
Børge Skårdal
Anne Aasmundtveit

Klimaplanen som føreligg er ein interkommunal kommunedelplan etter kap. 9 i pbl:

§ 9-1. *Interkommunalt plansamarbeid*

To eller flere kommuner bør samarbeide om planlegging etter denne lov når det er hensiktsmessig å samordne planleggingen over kommunegrenser. Samarbeidet kan omfatte alle kommunale plantyper.

[...]

§ 9-3. *Planprosess og planinnhold*

For planprosess og innhold i planene gjelder reglene for vedkommende plantype, jf. kapittel 11 og 12. Hver kommune har ansvar for at saksbehandlingsreglene følges innenfor sitt område.

De deltagende kommuner kan overføre til styret den myndighet til å treffe vedtak om planprosessen som etter loven er lagt til kommunen.

Hvert kommunestyre treffer endelig planvedtak for sitt område.

Kommunedelplanar for definerte tema skal ha ein handlingsdel som seier korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra eller meir. Denne klimaplanen har difor ein handlingsdel i slutten av plandokumentet. Handlingsdelen skal rullerast årleg jf. pbl 11-1, 4. ledd. Det vert lagt til grunn at dette gjerast i den enkelte kommune i samband med den årlege rulleringa av kommuneplanens handlingsdel jf. økonomiplanen etter kommunelova § 14-2 og pbl § 11-1.

Bakgrunnen for dette er at tiltaka har budsjettmessige konsekvensar sjølv om desse ikkje er kostnadsberekna i klimaplanens handlingsdel. Den enkilde kommune må sjå planen i samanheng med budsjett og økonomiplan og dei heilskaplege styringssystema som t.d. kommuneplan, kommunedelplanar, sakshandsaming, rutinar med meir.

Det er ikkje noko i vegen for at den enkelte kommune kan ha eigne tiltak som dei andre kommunane ikkje har.

Høyringsprosess

Klimaplanen har vore på høring og offentleg ettersyn. Vest-Telemarkrådet har hatt rolla som sekretariat for kommunane i høyringsprosessen.

Vedtak om høring og offentleg ettersyn vart fatta i alle formannskap/utval i alle kommunane i løpet av hausten 2021.

- Formannskapet i Tokke kommune 24. november 2021
- Formannskapet i Kviteseid kommune 25. november 2021
- Hovudutvalet for plan og miljø i Fyresdal kommune 30. november 2021
- Formannskapet i Nissedal kommune 2. desember 2021.
- Samfunnsutvalet i Seljord kommune 8. desember 2021
- Plan- og miljøutvalet i Vinje kommune 8. desember 2021

Etter vedtak i kommunane vart høyringsutkastet til klimaplan lagt ut på høring og offentleg ettersyn 17.12.2021 med høyringsfrist 20.02.2022.

Innbyggjarar, organisasjonar og offentlege organ vart invitert til å koma med innspel til sjølve planen og til handlingsdelen. Det kom inn totalt 18 høyringsinngrep. Høyringsinngrepene kan sjåast her: [Høyringsinngrep](#).

Endringar i planen etter høyring

Arbeidsgruppa og referansegruppa har hatt arbeidsmøte – der alle innspela vart drøfta enkeltvis og tema for tema i planen. Det er gjort flest endringar i handlingsdelen i samsvar med innspel som har kome inn.

Det var m.a. attendemelding på at planen var for omfattande, men fleire uttrykte også at den var både språkleg god og lettleset. Det er gjort nokon små endringar i tekstdelen som svarar på innspela, men referansegruppa valde å prioritere innspel som gjaldt handlingsdelen.

Dei tre tidlegare hovudmåla er blitt samanfatta til eitt hovudmål:

Kommunane i Vest-Telemark skal redusere det totale klimafotavtrykket frå eiga verksemd, ta vare på naturmangfaldet og vere pådrivarar for klimavenlege løysingar i regionen i samsvar med nasjonale føringer og målsetjingar.

Det kom inn innspel frå m.a. Statsforvaltaren og fylkeskommunen i Vestfold og Telemark om at ein bør vurdere konkrete mål for klimagassutslepp. Dette har referansegruppa vald å ikkje gjera då måloppnåing vil kunne vera vanskeleg å dokumentere. Transport står for det meste av utsleppet i regionen. Utslepp frå transport kjem i stor grad frå gjennomgangstrafikk og i mindre grad frå lokal- og turisttrafikk. Vårt svar på denne problemstillinga er i tiltaksdelen å prioritere utbygging av infrastruktur for fossilfri energi langs hovudvegane i regionen, dvs. E134, RV36 og RV41 - og på den måten legge til rette for utsleppsreduksjon.

Det er gjort ei endring for eit av dei sju satsingsområda; *Offentlege innkjøp* er foreslått til *Innkjøp* slik at satsingsområdet og skal gjelde for næringslivet. Satsingsområda i planen vart då:

- Arealforvalting
- Jordbruk
- Skogbruk
- Sirkulærøkonomi og avfall
- ENØK
- Innkjøp
- Transport

Det kom nokon innspel på utarbeiding av klimarekneskap og klimabudsjett. Så nær som alle kommunane i Vest-Telemark er medlem av det fylkeskommunale klimanettverket der alle medlemmer forpliktar seg til å utarbeide både klimarekneskap og -budsjett. Difor er ikkje dette lagt inn som tiltak. Derimot er innspel om arealrekneskap lagt inn, slik at ein kan sette seg mål for arealforvaltinga og etablere kunnskap om faktisk arealbruk.

Vest-Telemarkrådet si vidare rolle i klimaplanarbeidet

Det kom innspel om at Vest-Telemarkrådet må ta eit ansvar for å koordinere tiltaka i planen. På bakgrunn av dette har Vest-Telemarkrådet søkt om prosjektskjønnsmidlar hos Statsforvaltaren for miljøkoordinator i ein 2 års-periode. Svar på denne søknaden er venta i slutten av mai.

Uavhengig av om ein får skjønnsmidlar eller ikkje, vil det vera føremålstenleg at kommunane held fram med å samarbeide om klimatiltak. Det er viktig å oppretthalde engasjementet og viljen til å sette i verk tiltaka. Det vert difor foreslått å nedsette eit forum/utval ståande av ein representant frå kvar kommune og der Vest-Telemarkrådet er sekretariat. Mandatet til eit slikt klimaforum vil vera å

prioritere, initiere og gjennomføre/koordinere tiltak i handlingsdelen. Klimaforumet vil invitere inn fagpersonar frå kommunane og ekstern bistand utifrå behov og satsingsområde.

Vest-Telemarkrådet vil vera ansvarleg for å organisere møta i forumet og trygge framdrift i koordinering og iverksetting av tiltak.

Rådmannen rår til vedta Klimaplanen for Vest-Telemark slik den ligg føre i tråd med tilrådinga frå Vest-Telemarktinget.

Kommunestyret si handsaming av sak 63/2022 i møtet den 15.09.2022

Røysting

Framlegg frå Olav Nordstoga:

Avsnitta om storauren og reinen går ut.

Framlegg frå Nils Ole Lien:

Skogvern må ikkje føre til at det blir ulovleg å bygge i skog.

Framlegg frå Bjørnar Christensen:

Vinje kommunestyre ber om at FNS bærekraftsmål 15 blir vurdert tatt inn i planen ved neste rullering, med spesielt omsyn til bærekraftmål 15.1 og 15.4.

Røysting:

Ein røysta først over framlegget frå plan- og miljøutvalet. Framlegget blei samrøystes vedteke. Deretter røysta ein over framlegget frå Nordstoga. Framlegget fall med 11 mot 14 røyster.

Framlegget frå Lien blei vedteke med 21 mot 4 røyster.

Til slutt røysta ein over framlegget til Christensen. Framlegget blei vedteke med 19 mot 6 røyster.

Oversikt over røystinga:

Framlegg frå plan- og miljøutvalet - Vedtatt

RØYSTA JA 25	RØYSTA NEI 0
Senterpartiet (14/14)	
<ul style="list-style-type: none">• Jon Rikard Kleven• Tone Edland• Nils Ole Lien• Liv Sigrun Nykos Midtun• Gunnar Haugo• Ane Killingtveit• Kjetil Midtgarden Vaagen• Birgit Tveito• Asbjørg Øygarden Neset• Olav Nordstoga• Aslak A Ofte• Ragnhild Sølberg	

RØYSTA JA 25	RØYSTA NEI 0
<ul style="list-style-type: none"> • Gunnulv Lien • Marvin Ånund Haugen 	
Arbeiderpartiet (4/4)	
<ul style="list-style-type: none"> • Stine Johanna Haugen • Alf Seltveit • Liv Kirsti Reinsviki • Svein Henry Ekre 	
Sosialistisk Venstreparti (3/3)	
<ul style="list-style-type: none"> • Nils Johan Svalastog Garnes • Øystein Høgetveit • Trond Arild Pedersen 	
Høyre (2/2)	
<ul style="list-style-type: none"> • Arne Skogheim • Jarle Nordjordet 	
Fremskrittspartiet (1/1)	
<ul style="list-style-type: none"> • Halvor Lognvik 	
Kristelig Folkeparti (1/1)	
<ul style="list-style-type: none"> • Bjørnar Kalbach Christensen 	
Framlegg frå Nordstoga - Falt	
RØYSTA JA 11	RØYSTA NEI 14
Senterpartiet (8/14)	Senterpartiet (6/14)
<ul style="list-style-type: none"> • Nils Ole Lien • Liv Sigrun Nykos Midtun • Gunnar Haugo • Kjetil Midtgarden Vaagen • Olav Nordstoga • Aslak A Ofte • Gunnulv Lien • Marvin Ånund Haugen 	<ul style="list-style-type: none"> • Jon Rikard Kleven • Tone Edland • Ane Killingtveit • Birgit Tveito • Asbjørg Øygarden Neset • Ragnhild Sølberg
Høyre (2/2)	Arbeiderpartiet (4/4)
<ul style="list-style-type: none"> • Arne Skogheim • Jarle Nordjordet 	<ul style="list-style-type: none"> • Stine Johanna Haugen • Alf Seltveit • Liv Kirsti Reinsviki • Svein Henry Ekre
Fremskrittspartiet (1/1)	Sosialistisk Venstreparti (3/3)
<ul style="list-style-type: none"> • Halvor Lognvik 	<ul style="list-style-type: none"> • Nils Johan Svalastog Garnes

RØYSTA JA 11	RØYSTA NEI 14
	<ul style="list-style-type: none"> • Øystein Høgetveit • Trond Arild Pedersen
	Kristelig Folkeparti (1/1)
	<ul style="list-style-type: none"> • Bjørnar Kalbach Christensen

Framlegg frå Lien - Vedtatt

RØYSTA JA 21	RØYSTA NEI 4
Senterpartiet (14/14)	Sosialistisk Venstreparti (3/3)
<ul style="list-style-type: none"> • Jon Rikard Kleven • Tone Edland • Nils Ole Lien • Liv Sigrun Nykos Midtun • Gunnar Haugo • Ane Killingveit • Kjetil Midtgarden Vaagen • Birgit Tveito • Asbjørg Øygarden Neset • Olav Nordstoga • Aslak A Ofte • Ragnhild Sølberg • Gunnulv Lien • Marvin Ånund Haugen 	<ul style="list-style-type: none"> • Nils Johan Svalastog Garnes • Øystein Høgetveit • Trond Arild Pedersen
Arbeiderpartiet (4/4)	Kristelig Folkeparti (1/1)
<ul style="list-style-type: none"> • Stine Johanna Haugen • Alf Seltveit • Liv Kirsti Reinsviki • Svein Henry Ekre 	<ul style="list-style-type: none"> • Bjørnar Kalbach Christensen
Høyre (2/2)	
<ul style="list-style-type: none"> • Arne Skogheim • Jarle Nordjordet 	
Fremskrittspartiet (1/1)	
<ul style="list-style-type: none"> • Halvor Lognvik 	

Framlegg frå Christensen - Vedtatt

RØYSTA JA 19	RØYSTA NEI 6
Senterpartiet (11/14) <ul style="list-style-type: none">• Jon Rikard Kleven• Tone Edland• Nils Ole Lien• Liv Sigrun Nykos Midtun• Gunnar Haugo• Ane Killingtveit• Kjetil Midtgarden Vaagen• Birgit Tveito• Asbjørg Øygarden Neset• Ragnhild Sølberg• Marvin Ånund Haugen	Senterpartiet (3/14) <ul style="list-style-type: none">• Olav Nordstoga• Aslak A Ofte• Gunnulv Lien
Arbeiderpartiet (1/4) <ul style="list-style-type: none">• Svein Henry Ekre	Arbeiderpartiet (3/4) <ul style="list-style-type: none">• Stine Johanna Haugen• Alf Seltveit• Liv Kirsti Reinsviki
Sosialistisk Venstreparti (3/3) <ul style="list-style-type: none">• Nils Johan Svalastog Garnes• Øystein Høgetveit• Trond Arild Pedersen	
Høyre (2/2) <ul style="list-style-type: none">• Arne Skogheim• Jarle Nordjordet	
Fremskrittspartiet (1/1) <ul style="list-style-type: none">• Halvor Lognvik	
Kristelig Folkeparti (1/1) <ul style="list-style-type: none">• Bjørnar Kalbach Christensen	

Vedtak

- a. I medhald av plan- og bygningsloven tilrår plan og miljøutvalet kommunestyret å vedta klimaplan for Vest-Telemark slik den ligg føre.
- b. Vest-Telemarkrådet er sekretariat for eit interkommunalt klimaforum/utval med ansvar for koordinering av tiltaka i handlingsplanen.
- c. Plan- og miljørådgjevar Anne-Sofie Bergene Strømme vert vald til kommunen sin representant i klimaforumet/utvalet.
- d. Skogvern må ikkje føre til at det blir ulovleg å bygge i skog.
- e. Vinje kommunestyre ber om at FNS bærekraftsmål 15 blir vurdert tatt inn i planen ved neste rullering, med spesielt omsyn til bærekraftsmål 15.1 og 15.4.

Plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 78/2022 i møtet den 22.06.2022

Røysting

Rådmannens framlegg blei samrøystes vedteke.

Vedtak

- a. I medhald av plan- og bygningsloven tilrår plan og miljøutvalet kommunestyret å vedta klimaplan for Vest-Telemark slik den ligg føre.
- b. Vest-Telemarkrådet er sekretariat for eit interkommunalt klimaforum/utval med ansvar for koordinering av tiltaka i handlingsplanen.
- c. Plan- og miljørådgjevar Anne-Sofie Bergene Strømme vert vald til kommunen sin representant i klimaforumet/utvalet.

Saksordførar:Halvor Lognvik

Rådmannens framlegg til vedtak

- a. I medhald av plan- og bygningsloven tilrår plan og miljøutvalet kommunestyret å vedta klimaplan for Vest-Telemark slik den ligg føre.
- b. Vest-Telemarkrådet er sekretariat for eit interkommunalt klimaforum/utval med ansvar for koordinering av tiltaka i handlingsplanen.
- c. Plan- og miljørådgjevar Anne-Sofie Bergene Strømme vert vald til kommunen sin representant i klimaforumet/utvalet.

Saksframlegg er godkjent av plan- og økonomisjef, Gry Åsne Aksvik 02.06.2022.